

Før ein fyller ut søknaden, bør ein undersøkja om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleiinga på side 3 og 4.

Det er eit krav at ein nyttar dette skjemaet når ein søker om konsesjon

## Til ordføraren i Kvinnherad Kommune



(kommunen der eiendomen ligg)

Søknad om konsesjon skal sendast til ordføraren innan fire veker etter at avtalen er gjort eller overtakaren har fått rådevelde over eiendomen. På side 3 skal ein gjera greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svara som er gjevne på spørsmåla i felt 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigekontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggjast ved i original eller stadfest avskrift så fram det finst slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseiendom, skal skogbruksplan leggjast ved, så fram det finst ein slik plan.

|                 |  |  |                             |                        |  |
|-----------------|--|--|-----------------------------|------------------------|--|
| 1               | Namnet til søkeren (slektsnamn, føre- og mellomnamn)   |  | Fødselsnr. (11 siffer)      |                        |  |
|                 | Emmerhoff Kjetil   |  | 17116848902                 |                        |  |
| 2               | Adresse  |  | Organisasjonsnr. (9 siffer) |                        |  |
|                 | Klostervegen 252 5455 Halsnøy Kloster  |  | 974275708                   |                        |  |
| 3               | Telefonnr. (8 siffer)  | E-postadresse  |                             |                        |  |
|                 | 95734487   | kjetil.emmerhoff@knett.no  |                             |                        |  |
| 4               | Namnet til overdragaren  |  |                             | Fødselsnr. (11 siffer) |  |
|                 | Hordaland Fylkeskommune  |  |                             |                        |  |
| 5               | Adresse  |  | Organisasjonsnr. (9 siffer) |                        |  |
|                 | Agnes Mowinckelsgate 5 5008 Bergen   |  | 938 626 367                 |                        |  |
| 6               | Nemninga på eiendomen/-ane eller retten/-ane (namn, gnr., bnr., festnr. eller liknande)  |  |                             |                        |  |
|                 | Valen og Handeland gr,nr.185 -br,nr.1.2.9.82.106 og gr,nr.183 -br,nr.1.9.  |  |                             |                        |  |
| 7               | Kjøpesum/leigesum (ved arv eller gåve skal ein føra opp pårekna verdi  | Kår av 5-årleg verdi   | Kjøpesum for lausøyre       |                        |  |
|                 | 9 100 000,-kr  |  | 2 034 000,- kr              |                        |  |
| 8               | Kommune  | Fylke  |                             |                        |  |
|                 | Kvinnherad   | Hordaland  |                             |                        |  |
| 9               | Arealstorleik  | Korleis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal |                             |                        |  |
|                 | 19 213 dekar   | 367 dyrka 171 beite 5600 produktiv skog 13075 anna areal                 |                             |                        |  |
| 10              | Viss det ligg føre ein skogbruksplan, før opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog.                       |  |                             |                        |  |
|                 | Hogskl. 1-1% 2-21% 3-17% 4-26% 5-37%, bonitet. 6-5% 8-41% 11-9% 14-2% 17-6% 20-14% 23-23% Balansekvantum 1085 m3 Litt gammal plan, kjem ny i år. |  |                             |                        |  |
| 11              | <b>Bygningar som står på eiendomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgard, industri og liknande)</b>                            |  |                             |                        |  |
|                 | Bygning (type)   | Grunnflate i m <sup>2</sup>  | Byggjeår                    | Kor mange etasjar      | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
|                 | Driftsbygning  | 1022   | 1952                        | 3                      | Middels                                      |
|                 | Bygning (type)   | Grunnflate i m <sup>2</sup>  | Byggjeår                    | Kor mange etasjar      | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
|                 | Kvilebrakke  | 35   | 1980                        | 1                      | Middels                                      |
|                 | Bygning (type)   | Grunnflate i m <sup>2</sup>  | Byggjeår                    | Kor mange etasjar      | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
|                 | Vedhus   | 97   | 1953                        | 1,5                    | Middels                                      |
|                 | Bygning (type)   | Grunnflate i m <sup>2</sup>  | Byggjeår                    | Kor mange etasjar      | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| Andre bygningar |  |  |                             |                        |  |

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgaveplikter, kan opplysningane ein gir i dette skjemaet i samsvar med lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta og av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane. Opplysningar om eventuell samordning kan ein få ved førespurnad til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00.



|  |   |  |
|--|---|--|
| 12   | Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga  |  |
| 13   | <input checked="" type="checkbox"/> Ja<br><input type="checkbox"/> Nei  | I tilfelle kva for eigedomar?<br>191,11 og 211,1   |
| 14   | <input checked="" type="checkbox"/> Ja<br><input type="checkbox"/> Nei  | I tilfelle kva for eigedomar?<br>Odda 199,34   |
| 15   | Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjera greie for drifta av eigedomen)<br>Garden blir dreve aktivt med husdyrhald, grasproduksjon og skogsdrift. Det er ein mjølkekvote på 276917 l og ca 37 kyr med 100 % påsett.  |  |
| 16   | Kva planar har overtakaren for bruken av eigedomen?<br>Drive garden aktivt med husdyrhald, grasproduksjon og skogsdrift. Auke til 400 000 l i mjølkeproduksjon med ca 50 årskyr med 100 % påsett. Ombyggja og tilpassa bygningen til dette.   |  |
| <b>Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)</b>                                 |   |  |
| 17   | Ved overtaking av tilleggsjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkjaren eig frå før   |  |
| 18   | Kvalifikasjonane til søkjaren (teoretisk og/eller praktisk røynsle frå jord- og skogbruk)<br>Har vakse opp på gard med mjølk og kjøttproduksjon storfe og slaktegris. Har og drive Klostergarden på Halsnøy i 7 år. Meir info under tileggoppl.   |  |
| 19   | Vil søkjaren forplikta seg til å busetja seg på eigedomen innan 1 – eitt – år og sjølv bu på eigedomen i minst 5 – fem – år samanhangande?<br><input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei<br><input type="checkbox"/> Eg søker konsesjon fordi eg ikkje skal busette meg på eigedommen, jf konsesjonslova § 5 annet ledd |  |
| 20   | <input checked="" type="checkbox"/> Ja<br><input type="checkbox"/> Nei  | I tilfelle kva eigedomar<br>Fleire.  |
| 21   | Er det fleire søkjarar, skal det opplysast om søkjarane er gifte eller sambuarar  |  |
| 22   | Dato 24.1.14<br>Underskrifta til overdragaren<br>  | Dato 09.01.2014<br>Underskrifta til søkjaren<br> |
| Disse skal ha melding om avgjerda:<br><br>Liste over vedlegg:<br>Tilleggsopplysningar og driftsplan. |   |  |

Skjemaet er tilgjengeleg på Internett: [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no) under «Skjema» og <http://blanketter.dss.dep.no>  
 Spørsmål om utfylling rettast til kommunen.

## Eventuelle tilleggsopplysningar:

Er oppvaksen på gard, begge mine foreldre var bønder (som eine yrke). Dei dreiv med mjølk og kjøtt, storfe og slaktegris. Eg var aktivt med i drift, og etter at min bror overtok i 1990. Starta med rundballe pressing i 1991, var den først som pakka rundballa i foile i Kvinnherad. Har og eigd ei tømmervogn sidan 1994, har tatt ut tømmer og sagd til eige hus og uthus, og ved til sentralvarmeanlegget mitt.

I 2005 pakta eg Klostergården på Halsnøy, og dreiv med mjølke prod. Eg starta med 125 000 l og auka til 255 000 l siste året (2012).

I 2011 blei eg nominert til Kulturlandskapsprisen for Hordaland, på leigd jord.

Tok endel kurs når eg dreiv, kvigeoppdrett og kalvekurs osv.

Har fagbrev som Automatikar og som Automatiseringmotør

---

## RETTLEIING

### Generelt om konsesjonslova

Konsesjonslova av 28. november 2003 fastset at alle tileigningar/kjøp av fast eigedom og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år er konsesjonspliktig med mindre det er gjort unntak i lova eller forskrifter som er fastsette i medhald av lova. Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i ein eigedom.

Ei tileigning eller eit kjøp er eit uttrykk for alle måtar ein kan få ein eigedom på; kjøp, arv, gåve osv. Konsesjon er ei fullmakt frå staten. Den som blir ny eigar av eigdommen, er tileignar/kjøpar. Avhendar er førre eigar. Ei konsesjonspliktig tileigning/kjøp kan ikkje tinglysast med mindre konsesjon er gitt.

Er du usikker på om tileigninga/kjøpet er konsesjonspliktig, eller har du spørsmål om konsesjonsbehandlinga, kan du vende deg til kommunen der eigdommen ligg.

### A. Avhendingar som ikkje treng konsesjon

Det følgjer av konsesjonslova [§§ 4 og 5](#) og [forskrift om konsesjonsfrihet mv.](#) (fastsett 8. desember 2003) kva tileigningar/kjøp som er unntatte frå konsesjonsplikta. Hovudregelen er at du kan tileigne deg / kjøpe bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord, utan å søkje konsesjon. Det same gjeld tomter til bustad- og fritidsformål, og anna ubebygd areal som er lagt ut til anna enn landbruks-, natur- og friluftsområde dessutan reindrift. Tileigning/kjøp frå nær familie og tileignarar/kjøparar med odelsrett er også unntatte frå konsesjonsplikt. Konsesjonsfridommen som følgjer av reglane i § 4 første ledd nr. 1-4 og § 5 første ledd nr. 1 og 2 skal godtgjerast ved skjema for eigenfråsegn SLF-360. Skjemaet er tilgjengeleg på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no). Eigenfråsegna skal følgje heimelsdokumentet (festekontrakt, skøyte eller liknande) når dette blir sendt til tinglysing. Tinglysingsmyndigheitene sender fråsegna vidare til kommunen, som fører kontroll med at konsesjonslova blir følgd.

Eit vilkår for konsesjonsfridommen på grunn av ekteskap, slektskap og/eller odelsrett ved tileigning/kjøp av landbrukseigedom over ein viss storleik er at du buset deg på eigdommen innan eitt år og bur der i fem år. Dette gjeld eigendomar som har meir enn 25 daa fulldyrka og/eller overflatedyrka areal eller meir enn 500 daa produktiv skog, og som har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, eller har bygning som er tillaten oppført som heilårsbustad, eller har bygning under oppføring der løyve til oppføring av heilårsbustad er gitt. Om du ikkje skal busetje deg innan fristen på eitt år, må du søkje konsesjon. Du må då krysse av i felt 19 for å gjere konsesjonsmyndigheitene merksame på at dette er grunnen til at du søker konsesjon.

### B. Kort om saksgangen

Kommunen har avgjerdsmyndigheit i alle konsesjonssaker. Fylkesmannen/fylkeslandbruksstyret er klageinstans.

Bestemmelser om overføring av myndigheit fastsett 8. desember 2003, er tilgjengeleg på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no) og [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no).

Før søknaden kan takast opp til behandling, skal det betalast behandlingsgebyr. Gebyret blir kravd inn av kommunen.

Du skal ikkje betale gebyr om du har overteke konsesjonsfritt på grunn av odelsrett eller slektskap, og om du søker konsesjon fordi du ikkje skal busetje deg på eigdommen.

### C. Nærare om utfylling av søknad om konsesjon

Det er viktig at opplysningane i søknaden blir gitt så fullstendig som mogleg. Dette kan mellom anna bidra til å redusere saksbehandlingstida og sikre at saka blir behandla på riktig faktisk grunnlag.

#### Felta 1-5

Både avhendaren og du som søker konsesjon, må opplyse om namn og adresse, fødselsdato eller organisasjonsnummer. Juridiske personar (til dømes aksjeselskap) får eit organisasjonsnummer. Organisasjonsnummeret får ein ved å vende seg til Einingsregisteret (Brønnøysundregistra). Ver vennleg å opplyse om telefonnummer og eventuell e-postadresse.

#### Felta 6-11

Om avhendinga omfattar fleire gards- og bruksnummer, må alle førast opp i felt 6. Om søknaden gjeld konsesjon på feste, skal ein føre opp festenummeret dersom eit slikt finst. Om søknaden gjeld konsesjon på stifting eller avhending av andre rettar knytte til fast eigedom som inneber konsesjonsplikt etter § 3 i konsesjonslova, skal retten beskrivast (grusrett, utbyggingskontrakt o.l.).

I felt 7 skal ein føre opp kjøpesummen for eigedommen. Om søknaden gjeld konsesjon på leige av eigedommen, skal leigesummen per år førast opp. Om tileignaren/kjøparen har overteke eigedommen ved arv eller gåve, skal sannsynleg verdi fyllast inn i feltet for dette. Om det hefter kårtytingar på eigedommen, skal verdien av desse førast opp. Døme på kårtytingar er burett og naturalia (mjølk, poteter, ved, snørødding). Kårforpliktingar som ikkje er bundne til kvart år, skal førast opp som 5-årig verdi. Ytterlegare opplysningar om omfattande kårtytingar som burett og liknande, mellom anna om sannsynleg varigheit, skal gå fram av kjøpekontrakten eller av saksutgreiinga under behandlinga av konsesjonssøknaden. Dersom lausøyre følgjer med i avhendinga, skal verdien førast opp i feltet for dette.

Du treng ikkje fylle ut felt 7 dersom du har overteke konsesjonsfritt på grunn av odelsrett eller slektskap og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busetje deg på eigedommen.

I felt 8 skal ein føre opp kva kommune og fylke eigedommen ligg i. I felt 9 skal opplysningar om totalarealet til eigedommen eller eigedommane fyllast ut. Dersom tileigninga/kjøpet gjeld fleire gards- og bruksnummer, skal alle reknast med. I tillegg skal det opplysast om korleis arealet til eigedommen fordeler seg på ulike arealkategoriar. I feltet for dyrka jord skal det førast opp fulldyrka jord og overflatedyrka jord og gjødsla beite (innmarksbeite). I feltet for produktiv skog fører ein opp skog med produksjonsevne på minst 100 liter (0,1 kubikkmeter) per dekar per år. Som anna areal reknar ein myr, grunnlendt mark, uproduktiv mark, fjell i dagen og lignande.

Foreligger det skogbruksplan for eiendommen bes oppgitt fordeling på hogstklasse I-V og bonitet, og balansekvantumet for den produktive skogen.

I felt 11 skal ein føre opp kva bygningar som i dag står på eigedommen (til dømes bustadhus, kårbustad, hytte, driftsbygning, forretningsbygg, industribygg, seter o.l.). I tillegg skal grunnflata for kvar enkelt bygning spesifiserast i kvadratmeter og talet på etasjar. Om opplysningar om den tekniske tilstanden til bygningen (til dømes god, middels eller dårleg) og byggeår ligg føre (til dømes frå takst over eigedommen), skal dette førast opp.

#### Felta 12-16

Om det følgjer andre rettar med i avhendinga, skal desse førast opp i felt 12. Døme på slike rettar er beiterett (til dømes i utmark), strandrett, jakt- og fiskerett, hogstrett, allmenningsrett, slåtterett o.l. Om du, ektefellen din eller barn under 18 år eig eller leiger andre eigedommar i kommunen eller i andre kommunar, skal gards- og bruksnummer på desse førast opp i høvesvis felt 13 og felt 14. I felt 15 skal ein beskrive korleis eigedommen blir brukt i dag. For landbrukseigedommar skal det gå fram om eigedommen blir driven med husdyrhald, planteproduksjon e.l. I felt 16 skal tileignaren/kjøparen opplyse kva eigedommen skal brukast til. Eit døme på slik bruk kan være tileigning/kjøp til fritidseigedom, landbruksformål eller industri.

#### Felta 17-21

Skal eigedommen du søker konsesjon på, nyttast som tilleggsjord til eigedom du eig frå før, må du føre opp gards- og bruksnummer på denne eigedommen. I felt 18 skal du opplyse om kva teoretisk utdanning og praktisk erfaring innanfor jord- og skogbruk du har.

Du treng ikkje å fylle ut felt 18 om du har teke over eigedommen konsesjonsfritt på grunn av odelsrett eller slektskap og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busetje deg på eigedommen.

I felt 19 må du krysse av for om du vil forplikte deg til å busetje deg på eigedommen innan eitt år og sjølv bu der i minst 5 år i samanheng. Er tileigninga/kjøpet i utgangspunktet konsesjonsfritt på grunn av ekteskap, slektskap eller odelsrett og du søker konsesjon fordi du ikkje skal busetje deg på eigedommen, jf. punkt A, må du krysse av for dette alternativet i felt 19. Du kan gi nærare opplysningar om bakgrunnen for at du ikkje skal busetje deg på eigedommen, på side 3, under «Eventuelle tilleggsopplysningar», eller ved å leggje ved eige brev.

Om søknaden gjeld ein jord- og skogbrukseigedom, skal det i samband med behandlinga av konsesjonssøknaden vurderast om det er nødvendig med delingssamtykke etter § 12 i lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova). I felt 20 må det derfor opplysast om avhendaren eig annan fast eigedom i kommunen enn den som no blir avhenda. Er det fleire som søker konsesjon på same landbrukseigedom, må det opplysast i felt 21 om søkjarane er gifte, sambuarar eller partnarar.

#### Felt 22

Både du som tileignar/kjøpar og avhendaren må skrive under konsesjonssøknaden. For umyndige – personar under 18 år eller umyndiggjorde – må verja skrive under. Advokatar kan skrive under på vegner av partane om det ligg føre fullmakt.